



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Til alle på adresselista

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: **02 DES 2008**
Vår ref.: NVE 200801116-3 kti/lami
Arkiv: 312 /073.B2
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Lars Midttun
22 95 91 77

Småkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Jutlaelvi kraftverk, Lærdal kommune i Sogn og Fjordane – Høyring

Vi har motteke ein søknad frå Småkraft AS om løyve til bygging av Jutlaelvi kraftverk i Lærdal kommune med tilhøyrande elektriske anlegg, jf. vedlegg.

Kraftverket er planlagt i Jutlaelvi. Inntaket vil vere på kote 900 og kraftstasjonen er planlagt plassert på kote 132, rett ovanfor samløpet med Lærdalselvi. Vassvegen vil i hovudsak bestå av sjakt og tunnel, men på den nedre del skal det gravast ned eit 210 meter langt stålrøyr. Kraftstasjonen vil få ein installasjon på 6,2 MW som gir ein midlare produksjon på 17,4 GWh. Det må byggast ein 250 meter lang veg til tunnelpåhugg og ein 30-40 meter lang veg til kraftstasjonen. Vidare må det byggast ein ca. 500 meter lang anleggsvei fram til foreslått tippområde.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova (vrl.) og gjeld løyve etter vrl. § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/smaakraft, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Om papirutgåve av søknaden er ønskeleg, kan ein kontakte NVE på tlf. 22 95 91 77 eller e-post lami@nve.no.


NVE ber Lærdal kommune leggje søknaden ut til offentleg ettersyn på kommunen sine heimesider fram til **20.02.2009**.


Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft så snart som mogeleg og seinast innan **20.02.2009**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjons- og tilsynsavdelingen, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna, vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef


Lars Midttun
overingeniør

Vedlegg: Søknad
 Adresseliste
 Kopi av kunngjering
 Informasjonsark om sakshandsaminga

Adresseliste for: Offentleg høyring av søknad om løyve til bygging av Jutlaelvi kraftverk.

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved Mediaedge: cia Norway ein gang i: www.porten.no

Ant. søkn	Navn/adresse
3	Lærdal kommune, Postboks 83, 6886 LÆRDAL
	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkeshuset, 6863 LEIKANGER
	Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
	Forum for natur og friluftsliv SF, Postboks 365, 6902 FLORØ
	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Postboks 470, 6853 SOGNDAL
	Lærdal Jeger- og fiskarlag, v/Odd Inge Hagen, 6887 LÆRDAL
	Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 FØRDE
	Sogn og Fjordane Bondelag, Postboks 153, 6801 FØRDE
	Lærdal Energi, Postboks 94, 6886 LÆRDAL
	Småkraft AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN
4	Internt (RV-ias, EMR-shs, VAS-ssm, KTD-ehy)

- KUNNGJERING -

Småkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Jutlaelvi kraftverk i Lærdal kommune

NVE har motteke ein søknad frå Småkraft AS om løyve til bygging av Jutlaelvi kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg i Lærdal kommune.

Prosjektet omfattar bygging av eit småkraftverk i Jutlaelvi. Inntaket skal etter planane byggjast på kote 900 og kraftstasjonen plasserast på kote 132, rett ovanfor samløpet med Lærdalselvi. Installert effekt i kraftverket vil vere 6,2 MW og årleg medelproduksjon er berekna til om lag 17,4 GWh. Det må byggast totalt ca. 800 meter veg i forbindelse med prosjektet og i tillegg er det planar om å etablere ein tipp frå tunnelmassane.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Lærdal kommune sine heimesider og på NVE sine nettsider www.nve.no/smaakraft fram til høyringsfristen går ut. Om papirutgåve av søknaden er ønskeleg, kan ein kontakte Lars Midttun på tlf. 22 95 91 77 eller e-post: lami@nve.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft så snart som mogeleg og seinast innan 20.02.2009. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til NVE, Konsesjon og tilsynsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.



RUTINER FOR SAKSHANDSAMING VED SØKNAD OM KONSESJON ETTER VASSRESSURSLOVA § 8 DER NVE KAN GI LØYVE

Generelt

NVE har heimel til å gi løyve i saker som ikkje gjelder kraftproduksjon og i saker som gjeld små kraftverk (installert effekt under 10 MW), medan løyve til større kraftutbyggingar vert gjeve av Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gi løyve og rettar seg mot høyringsinstansane med føremål å gi ein samla oversikt over kva som er ønskeleg at vert lagt vekt på i fråsegn frå dei offentlege forvaltningsorgana.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE publiserer søknaden med vedlegg på www.nve.no/smaakraft når saka vert send på høyring.

NVE sender samstundes høyringsbrevet til dei kommunane, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK) og interesseorganisasjonar som saka vedkjem, ev. òg til statlege forvaltningsorgan som saka vedkjem. Saka vert kunngjort i ei eller fleire aviser i distriktet og kommunen legg søknaden ut på eit eller fleire offentleg kontor der den kan studerast, ev. lånast. Vedlagte adresseliste viser kva høyringsinstansar som mottar høyringsbrevet.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE avsluttar handsaminga. Som eit ledd i handsaminga følgjar ei synfaring der dei som har uttala seg inviterast til å delta.

Ved ei totalvurdering av saka står NVE fritt til å vurdere om konsesjon skal tilråast og i kva utstrekning. Søknaden og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga.

Dersom NVE gjev konsesjon, kan det knytast vilkår til dette, jf. vrl. § 26. Vilkåra kan omfatte reglar om byggjefristar, reguleringshøgder, vasslepping, godkjenning av planer m.o.t. miljø og tryggleik, tersklar, erosjon, naturforvaltning, fornminne og sanksjonsbestemmingar ved eventuelle brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Dersom det er søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk og/eller for høgspennet overføringsanlegg, vil NVE gi naudsynte konsesjonar samstundes med at vassressurslovsaka er endeleg avgjort.

Kva forventast av høyringsinstansane ?

Føremålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane. Det er ynskeleg med grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane. NVE ynskjer òg grunngitte forslag til avbøtende tiltak som kan redusere skadene ved gjennomføring av planane, òg forslag til ev. vilkår.

NVE ventar at kommunen spesielt omtalar tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør kommunen gi ei oversiktleg framstilling av tilhøvet mellom den framlagde planen og dei lokale interessene.

FM bør i si fråsegn legge særleg vekt på tilhøva omkring forureining, landbruk og miljø (til dømes biologisk mangfald). FK bør tilsvarende leggje vekt på kulturminne.

Vi føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft. I tillegg er det mogleg å sende fråsegner per post, NVE, postboks 5091, Majorstua, 0301 Oslo, eller e-post til nve@nve.no.